

Gerd Alice Husa

Sælenveien 131

5143 Fyllingsdalen

Bergen 30.30.2021

Fedje kommune

Merknad til høyring om reguleringsplan for Koppersevja, Fedje kommune

Me vil gjera merksam på at eigar av grunn 168/456 Gerd Alice Husa ikkje har blitt varsla om at reguleringsplanen er lagt ut til høyring. Dette går også fram av postlista for dette brevet frå kommunen datert 11.2. 2021.

Me fekk eit brev om oppstart av planarbeid i våren 2020, men har ikkje fått presentert noko planforslag eller hatt nokon annan dialog med det selskapet som utarbeida planen. Dette har ført til at vi ikkje har hatt moglegheit til kome med nokon innspel tidlegare i prosessen.

Dette er saksbehandlingsfeil og burde ført til at planen blei lagt ut til høyring på nytt. Me vil ikkje insistera på dette under føresetnad av at planen blir endra når det gjeld vår eigedom.

45 % av vår tomt 168/456 er i planen sett av til friareal. Tomten er berre 1030 m² og dette vil ha mykje å seia i forhold til utnyttlesgraden på tomten dersom ein vil setta opp bygningar der. Vår plan er å setja opp anten ein einbustad, tomannsbustad eller to fritidsbustader i stil med byggestilen i Uthaugen på tomten. **Vi krev difor at planen blir endra slik at heile området av vår eigedom ned til gangvegen blir avsett til bustader/småhusbebyggelse som vist i figuren (sjå planskisse).**

Heile vår strandlinje (21 meter) er avsett til friareal, mens resten av strandlinja rundt Koppersevja er regulert til kombinerte formål. **Vi krev at planen blir endra slik at også vår strandlinje blir regulert til kombinerte formål (sjå planskisse)** slik at det seinare kan være mogeleg å legga ut til dømes ei flytebrygge, mindre naust. Dette vil sjølv sagt bli gjort på ein slik måte at folk kan fritt ferdast her.

Naustetomten på Purkholmen 168/176, som vi er deleigarar i, er også satt av som friareal, vi vil at også dette arealet blir regulert til kombinerte formål.

Vi er positive til at reguleringsplanen og dei planlagde endringane i området, men har nokre generelle innspel. Dersom ein legg gangvegen slik at den er tilpassa terrenget slepp ein å sprenga vekk knausar og øydelegga terrenget, sjå til dømes på nordsida av vår tomt der gangvegen er lagt inn i berg. Den planlagde leikeplassen er ein smal tarm ned mot gangveg og ganske nærmere sjøen, det hadde vore betre å plassera denne der det er planlagt ein stor parkeringsplass og heller hatt parkering ved husa som er planlagt der (sjå planskisse).

Dersom Fedje kommune vedtek reguleringsplanen slik den føreligg no, kjem vi til å klaga vedtaket angåande vår eigedom inn til Statsforvaltaren i Vestland.

Gerd Alice Husa m/familie

1 vedlegg: Ny planskisse